

Langeled, Ormen Lange og Måløy

Røyra som er mellomlagra på Trollebø vil i løpet av sommaren bli frakta til havs og bli ein del av verdens lengste rørleidning under havet, og vil bestå av ein million tonn stål.

Den 1.200 kilometer lange rørleidningen som vert lagt på havbotnen har ein diameter på 42 tommar og 44 tommar, og vil i 2007 bringe gass frå prosessanlegget på Nyhamna til et mottaksanlegg i Easington i England. Der vert gassen målt og dekomprimert før den distribuerast til forbrukarar og industri gjennom Transco-nettet.

Ormen Lange-feltet er lokalisert 120 kilometer frå Nyhamna i Aukra kommune, og gassen vert frakta i land med hjelp av to 30-tommars rørleidningar som vert kopla til massive rønrammer på havbotnen.

Prosjektet har fått namnet Langeled som er samansett av Ormen Lange og leidning. Hydro er operatør for Ormen Lange/Langeled i utbyggingssfasen, medan Statoil har prosjektleiinga for rørleggingsprosjektet. Prosjektet er bemanna med personell frå begge selskapa. Legginga av rørleidningen tok til i april 2005 frå Easington til Sleipnerfeltet utanfor Rogaland. I år starta ein på den nordre delen av leidningen frå Nordmøre til Sleipner. Rørfartyet LB 200 som legg leidningen er no i arbeid 16 nautiske mil rett utanfor Måløy.

På Trollebø er det Nor-Sea som på oppdrag frå Statoil tek seg av klargjering og lasting av røyra. Det er tre supplybåtar som fraktar røyra vidare til rørfartyet LB200. Det vil gå med 100.000 røyr frå Nyhamna via Sleipnerfeltet til Storbritannia. Dei andre utlastingshamnene for røyr til Langeled er Kristiansund, Ågotnes, Farsund og Hartlepool i England. Langeled er kostnadsrekna til 19,5 milliardar kroner (2003), medan heile Ormen Lange utbygginga vil koste 66 milliardar kroner (2003). I 2007 vil gass transportert gjennom Langeled varme opp heile 10 millionar koppar britisk te kvar morgon. Ormen Lange i Norskehavet kan dekkje 20 prosent av gassbehovet til Storbritannia i opptil 40 år. (Kjelder: Statoil og Hydro)



Brua: Kaptein Inge Eriksen (t.v.) og 1. styrmann Bjørn Brattheim har lagt Havila Harmony trygt attmed LB 200. Den 92 meter lange supplybåten er utstyrt med system som sender ut laserstrålar og mikrobølger mot ein refleksor på LB200. Desse systema gjer at båten ligg perfekt i forhold til rørfartyet under heile lossinga. Ei lossing tek gjennomsnittleg 12 timar



Lasting: Krana løftar to og to røyr om bord i Havila Harmony. Løftereiskapen som NorSea har utvikla gjer at krana utfører alle operasjonar sjølv, og ein treng difor ikkje å ha nokon til å feste og løyse røyra



Majestetisk: Havila Harmony er eit majestetisk syn når ho seglar ut frå Trollebø med 167 nye røyr til Langeled



Klargjering: Alle røyra vert reingjort og kontrollert før dei vert henta av ein av dei store truckane på hamneområdet. Truckane tek med seg røyra vidare til lasteområdet og dei to kranane på hamna



Lossing: Vel framme ved rørfartyet LB200 er to kranar i sving med å løfte opp eit og eit røyr. To av matrosane på Havila Harmony har som oppgåve å feste wira på kvar ende av røret før det går til værs. Lasta på 167 røyr utgjer 2 km av den 1.200 km lange leidningen. På LB200 vert to og to røyr sveisa saman i fleire operasjonar. Ein «skyt» deretter riggen fram 25 meter med at fartyet dreg seg fram på wirar som er festa til fleire anker framanfor riggen. Rundt LB 200 går det båtar som flyttar ankera framover etter kvart som riggen dreg seg fram.



Full kontroll: Helge Skavøypoll frå Deknepollen står på nede og dirigerer kranføraren frå bakkenivå. Skavøypoll er både kranfører, truckfører og instruktør for nye arbeidstakararar på Trollebø. - Eg likar meg svært godt her. Vi har både eit godt arbeidsmiljø og spanande utfordringar kvar dag, seier Helge Skavøypoll

